



Kjære tur – orienterar

I denne posen ligg det fire kart: Dauvi, Eirefjöll, Oftefjell og eit utklypp av turkartet til Tokke kommune. Det er og eit klyppekort med postforklaring. Når du kjem til posten må du klyppe på det rette postnummeret.

Turorienteringsperioden er fram til 10. september.

Det er sett ut 45 postar i alt. 20 av postane er på Dauvikartet, 9 på Eirefjöllkartet, 6 på Oftefjellkartet og 10 sykkelpostar på Tokke kartet.

Nytt i år er at det er lagt opp til 10 sykkelpostar. Desse postane inneheld ei plakat med ein bokstav og ei klyppetong. Dersom du tek alle ti sykkelpostane får du 10 bokstavar som du må trikse og mikse med slik at du får eit ord. Ordet er ein geografisk plass i Noreg. Løysningsordet skriv du nedst på klyppekortet. Har du rett løysningsord er du med på trekning av premie. Du klypper og på klyppekortet på desse postane. Sykkelpostane er merka med grøn farge på klyppekortet.

På klyppekortet er og nokre postar som er merka med grå farge. Desse fem postane er ”vanskelege” postar. Finn du desse fem vanskelege postane er du med i trekning av ein premie.

For å vera med på trekning av ei halv spekeskinke må de finne 30 av postane. Born som er under 15 år treng 20 postar for å vera med i trekninga. Borna som finn 20 postar får og ein annan premie. Alle personane må ha sitt eige klyppekort uansett om du er born eller vaksen, for å vera med i trekninga. Eit klyppekort der det står berre eit familienamn vert rekna som **ein** vaksen person.

Når du har nok klypp skal kortet leverast **innan 20. September** til:
Asbjørn Byggland, 3891 Høydalsmo.

Nok klypp vil seie:

- Du har funne løysningsordet på sykkelorienteringa.
- Du har funne dei fem ”vanskelege” postane.
- Vaksne som har 30 postar eller meir (Alle postar tel med).
- Born under 15 år som har 20 postar eller meir (Alle postar tel med).

Før me ynskjer god tur vil me minne deg om å fare fint fram i skogen og ikkje valde skade av noko slag. Vis omsyn til grunneigaren, køyr ikkje gardsvegar og parker ikkje bilen slik at den irriterar grunneigaren. Høydalsmo IL har eit godt høve til grunneigarane, så ikkje gjer noko som kan øydeleggje dette for oss.

Skulle noko av utstyret på posten ha ramla ned bed me dykk hjelpe oss med å hengje det opp att. Manglar det utstyr så sei i frå.

God tur

Helsing Trim – gruppa